



# Pressemelding

## STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas  
Informasjonssjef Øivind Østang  
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06  
Telefon ktr.: 22 24 40 37  
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80  
Telefon priv. : 22 22 28 01

**SPERREFRIST: Ingen**

**DATO: 21. juni 1996**

### PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Onsdag 26. juni kl. 09.30 held statsministeren den halvårlege pressekonferansen sin, i pressesenteret i Regjeringskvartalet. Frukost vert servert frå kl. 09.00.

Torsdag 27. juni kl. 12.00 er statsministeren til stades når kongen tek imot den kinesiske presidenten, Jiang Zemin, på Slottsbakken. Kl. 20.00 er ho mellom gjestene under kongeparet sin gallamiddag i høve den kinesiske statsvitjinga, i Artillerimagasinet på Akershus festning.

Fredag 28. juni kl. 10.00 tek statsministeren imot den kinesiske presidenten til politiske samtalar, på Statsministerens kontor. Akkreditert presse har høve til å fotografere idet dei to møtest, og under underteikning av avtalar, ca. kl. 11.45. Etter at presidenten har forlate kontoret, er statsministeren tilgjengeleg for pressefolk, ca. kl. 12.05. Kl. 20.00 er statsministeren vert for regjeringsmiddagen i høve Jiang Zemin si vitjing, på Grand Hotell. Her har ein pool av akkrediterte fotografar tilgjenge når gjestene kjem og under talane.

For samla presseprogram for den kinesiske statsvitjinga, viser vi til Utanriksdepartementet sin presseseksjon.